

KOMMUNAL PLANSTRATEGI



ULVIK HERAD 2016 – 2020

Føremålet med kommunal planstrategi

Plandelen i plan- og bygningslova vart gjeldande frå 1.juli 2009. Som eit verktøy i kommunal planlegging kom kravet i lovas § 10-1 om at heradsstyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering, skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Føremålet er å klargjera kva for planoppgåver heradet bør starte opp eller vidareføre for og leggja til rette for den utviklinga ein ynskjer.


Kommunal planstrategi er ikkje ein plantype, men er meint som eit hjelpemiddel for det nye heradsstyret til å drøfte utviklingstrekk og utfordringar i heradet, og avklare kva for planoppgåver det skal arbeidast med framover. Arbeidet med kommunal planstrategi vil gi ein betre og meir systematisk vurdering av heradet sitt planbehov, og vil bidra til at ein betre kan møte dei aktuelle utfordringane.

Heradet skal i det framtidige arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkt frå regionale mynde og nabokommunar. Planstrategien skal ikkje sendast ut til ordinær høyring som er vanleg for plansaker etter plan- og bygningslova, men forslaget skal gjerast offentleg tilgjengeleg i minst 30 dagar før heradsstyret sin vedtakshandsaming. Det er ikkje høve til å retta motsegn til forslaget til kommunal planstrategi.

Ved handsaminga skal heradsstyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal opp til revisjon, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Heradsstyret kan ta stilling til om det er trong for å starte opp arbeid med temaplanar eller arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør takast opp til revisjon, eller i nokon tilfelle avviklast.


Utarbeiding og handsaming av kommunal planstrategi kan i medhald kapittel 11 i plan- og bygningslova gjerast saman med, og vera ein del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen.

Prosess



Kommunalt plansystem

Uavhengig av kva for plantype ein utarbeidar etter plan- og bygningslova, skal ein ha ein prosess med brei deltaking. Planane vert laga for å få ein mest mogleg heilskapleg forvaltning av sektor- eller arealspørsmål.



Kommuneplansystemet visar ulike type planar og forholdet dei i mellom.

Kommunal planstrategi er og ein viktig arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging. Dette kan gjelde både innafor samfunnsplanlegging, arealplanlegging og tenesteyting. Fleire kommunar kan gå saman om å utarbeide felles planstrategi, som vert vedtatt i kvar enkelt kommunestyre.

Nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedtatt ved Kongelig resolusjon 12.06.2015 skal leggjast til grunn for dei nye kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Forventningane er knytt til tre hovudtema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområde

Regionale synspunkt

Hordaland fylkeskommune har komme med ei rekkje framlegg til tema i utarbeidinga av den kommunale planstrategien.

- Klima og energi
- Folkehelse
- Attraktive senter og senterstruktur
- Areal – og transportplanlegging
- Natur og landskap
- Kultur og kulturminne
- Næringsutvikling
- Kompetanse/opplæring

Utviklingstrekk og sentrale utfordringar for Ulvik herad


Klima og energi

Ulvik herad vedtok den 20.04.2016 ny klima og energiplan. Denne gjeld for perioden 2016 – 2020.

Folkehelse

Fram mot 2040 er det venta at Ulvik herad få ein gjennomsnittleg eldre befolkning enn i dag. Ein endring i alderssamansetjinga vil få stor innverknad på heradet sin måte å planlegge tenestetilbod, bustader og infrastruktur. Det må vera ein målsetjing å leggja vekt på førebygging og helsefremjande tiltak, for på den måten redusere behovet for helsetenester og instutisjonsplass.


Grafen under viser utviklinga for folkemengd etter alder på nasjonalt nivå, og denne utviklinga vil og gjera seg gjeldande i Ulvik.



Kilde: SSB

Befolkningsutvikling

Heradet har eit stort fokus på eit stabilt, og helst aukande innbyggartal. Dette er eit kontinuerleg arbeid som må prioriterast for å hindre vidare utflytting og leggja til rette for tilflytting. Ein føresetnad for tilflytting er bustader i forskjellige former og byggjeklart tomteland. Arbeidet med revisjon av arealdelen til kommuneplanen vil frigi nytt areal for bustadbygging, og regulering av dette området bør prioriterast i planperioden.



Verdiskaping og næringsutvikling

Eit variert næringsliv er avhengig av at heradet legg til rette for nyetableringar, samstundes som ein styrker eksisterande føretak og verksemder. Eit stabilt næringsliv gir ein stabil, lokal arbeidsmarknad som igjen er viktig for eventuell nyetablering av føretak.

Reiselivsnæringa er ein samansett næring i stadig endring. Reisande legg stadig meir vekt på aktivitetar og opplevingar og mindre vekt på bestemte reisemål, samstundes som dei stadig stillar høgare krav til reiseopplevingane. Dette gjer at næringa mellom anna må ha fokus på nytenking og produktutvikling, pris og kvalitet og tilpassing til dei reisande sine ynskje. For å møte desse utfordringane må næringa, heradet og andre aktørar jobbe for større samarbeid og ein samla strategi for reiselivsbransjen i Ulvik.

Ulvik herad vart i april 2015 medlem i Cittaslows internasjonale nettverk. Dermed har heradet forankra eit særskilt ynskje og ansvar om å ivareta og fremje god og offensiv miljø- og klimapolitikk og ei berekraftig utvikling, både lokalt og globalt. Vårt ansvar for den naturlege verda og framtidige generasjonar krev at me er nøysame, arbeidar for det

berekraftige, forsvarar miljøet og redusera dei tunge økologiske fotavtrykka våre. Dette inneber å forplikta oss til å gjenoppdage tradisjonell kunnskap og å gjera det meste ut av ressursane våre ved resirkulering og gjenbruk i tillegg til å ta i bruk dei nye teknologiane og fornybar grøn energi.

Sertifisering av stader i Cittaslows nettverk omfattar 72 kvalitetskrav inndelt i del-områder. Desse prinsippa er mellom anna:

- Prinsipp for energi- og miljøarbeid (utvikling og vern av parkar og grøntområde, bruk av fornybar energi og kutt i lokale utslepp, transport, resirkulering, reinsing osv.)
- Prinsipp for infrastruktur (alternativ mobilitet, sykkelveggar, gateutsmykking, sentrumsutvikling osv.)
- Prinsipp for kvaliteten på bygdemiljøet (restaurering og gjenbruk av forsømte områder, fiberoptikk, trådløst nett osv.)
- Prinsipp for jordbruk, turisme og kunsthandverk (nye berekraftige produksjons metodar, vern av kulturlandskap, auke verdien av etablerte teknikkar og tradisjonelt handverk osv.)

Det vert i planstrategien lagt opp til at ein utarbeider ein nærings- og utviklingsplan som erstatning for m.a. jordbruksplan, då store delar av næringsgrunnlaget i Ulvik er knytt opp mot jordbruket.


På denne måten vil heradet forplikta seg til å ha eit overordna, heilskapleg plan lokalt for å ivareta framtida og ein berekraftig utvikling.

Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Noreg har ein av verdas høgaste levealder, og den er stadig aukande. Den ålmenne helsetilstanden er generelt god, men ein aukande sjukdomsutvikling er knytt til livstil og ein aldrande befolkning. Det er store sosiale forskjellar i levekår og levevanar, og dette bidrar til auka forskjellar i helsetilstanden. Staten har ein forventning til at dei ulike kommunane har oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som kan påverke denne.

Me likar å tru at det norske folk er eit aktivt folkeferd som nyttar ein kvar anledning til friluftsliv og trening. Men når ein ser på tala SSB samlar inn, er dette langt frå tilfelle sett i forhold til ein del andre europeiske land. Ein ser derimot ein stadig nedgang i den daglege fysiske aktiviteten i Noreg, og med ein stadig eldre befolkning med forskjellige helseplager, er dette urovekkande.

Fysisk aktivitet og friluftsliv kan medverke til å førebyggja, utsetja eller lindre kroniske sjukdommar, fremje helse og trivnad og gje naturopplevingar, rekreasjon og høve til sosialt samvær.



Tid brukt til ulike fysiske aktivitetar ein gjennomsnittsdag i ulike land i Europa.

Alder 20 – 74

Kjelde:SSB

Tilgang til naturen og betre tilrettelegging for ferdsle i nærområda, både gjennom stiar, løyper, gang- og sykkelveggar og trygge nærområde, vil gjera det lettare å vera fysisk aktiv i kvardagen, og samstundes sikre ein trygg og miljøvennleg ferdsle.

Menneske med nedsett funksjonsevne skal ha same høve som andre til personleg utvikling, deltaking i samfunnet, trygge levekår og god livskvalitet. Prinsippet om universell utforming skal bidra til å gjera samfunnet tilgjengeleg for alle, hindre diskriminering og sikre dei same rettane for menneske med nedsett funksjonsevne. Saman med andre kommunar, står Ulvik herad overfor store utfordringar når den offentlege bygningsmassen skal gjerast tilgjengeleg for alle. Ein bør sjå på trongen for ein framdriftsplan med tanke på og gjera Ulvik herad universelt utforma innan alle samfunnssektorar innan 2025.

Ulvik herad gjorde i 2010 vedtak om å bygge ein fleirbrukshall i tilknytning til Brakanes skule, med byggestart i 2015. Dette arbeidet er no sluttfasen, og ein vil ta den nye hallen i bruk ved skulestart i august 2016. Ein slik arena vil vera med på å stø opp om målsetjinga om ein aktiv kvardag for store grupper av befolkninga i bygda.

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv er føreslått revidert i planstrategien.

Som mange andre norske kommunar er Ulvik herad avhengig av ekstra bemanning i helsesektoren i feriemånadene. Ein stabil bemanning året rundt vil vera ein føresetnad for at heradet skal kunne yte dei helsetenestene ein ynskjer, og at brukarane skal føla seg trygge i gode omgjevnader.

Kommunedelplan for pleie og omsorg vart i 2013 erstatta av kommunedelplan for helse og omsorg.

Samferdsle

Ulvik herad har fylkesveggar som hovudtransportsystem, og desse vert nytta både av kjørande og gåande, noko som kan vera ein utfordring for begge partar. Det er eit politisk ynskje om sikker ferdsle langs vegane, og ein vil i planperioden rullera trafikksikringsplanen og utarbeide ein heilskapleg skiltplan for dei sentrale områda av vegnettet. Ferdigstilling av fortau langs Tysseviksvegen, fram til Prestabrekko har og høg prioritet.

Kommunale vegar

Det kommunale vegnettet treng opprusting, og i 2010 gjorde ein politisk komité ein prioritering av vegane som skal rustast opp. Heradsstyret gjorde seinare same år fylgjande vedtak:

HST-058/10 VEDTAK:

1. *Ulvik herad godkjenner følgjande prioriteringsliste for vedlikehald/opprusting av kommunale vegar*
 - a. *T-veg 220 til Bergo*
 - b. *Deler av T-veg 205 Skulevegen (Gangbru over Tysso og fram til gangfelt over fv 572 v/tidlegare Bjotveit Hotel)*

- c. *Fast dekke/asfalt på T-vegar 225, Hydle I og II*
- d. *Kommunal del av T-veg 227, Osa.*
- e. *T-veg 212, Øydvin.*
- f. *T-veg 219 til Byrse*
- g. *T-veg 214 til Solhovden*
- h. *Øverste del av T-veg 202, Vambheim*
- i. *Vidare har komiteen peika på følgjande flaskehalsar som bør utbetrast i uprioritert rekkjefølgje:*
 - *Manglande snuplass i enden av T-veg 208, Øvre Paradis*
 - *X mellom kommunal T-veg 208 /fv. til Ljono (siktproblem/stigning)*
 - *X mellom kommunal T-veg 225 (Hydle II) og fv.572 (siktproblem som vart forverra etter at vegvesenet utvida fylkesvegen i 2009)*
 - *Manglande snuplass i enden av Prestabrekka, Prestagarden bustadfelt.*
 - *Dårleg sikt i X mellom fv til Osa og fv til Rondestveit pga. skiltsamling (spesielt for store bilar).*
- j. *Når det gjeld generelt drift/vedlikehald meiner nemnda at spesielt fylgjande vegar bør prioriterast, trass i at desse to vegane ikkje er kommunale vegar med bakgrunn i standard definisjon. Dette gjeld veg til Osafjellet, og veg til Solsæ (her må ein få fram gjeldande avtalar når det gjeld heradet sitt ansvar).*

Oppfølging av dette vedtaket krev store ressursar, og desse må setjast av i økonomiplan og årsbudsjett. Ein vil i dette arbeidet samstundes matrikulere dei kommunale vegane, for på den måte få dei formelt kartfesta.

Heradet har etter vedtaket gjennomført enkelte av punkta, men dei store prosjekta står framleis att. Dei prosjekta som er gjennomført er: pkt. c – fast dekke på Hydle I og II og pkt. d – Kommunal del av T-veg 227 i Osa. Arbeida i Osa vart gjennomført i samband med opprustinga av Osafjellsvegen. Det er og gjort ein oppgradering av skulevegen.

Vidare på lista er øvste del av Vambheimsvegen no nedklassifisert, og vil bli overlevert grunneigarane etter den er rusta opp.

Areal, landskap og natur

I samband med rulleringa av arealdelen til kommuneplanen har heradet gjort ein utførleg kartlegging av areala og kvar ein skal leggja til rette for utbyggingstiltak. Føresegna i planen legg føringar for utviklinga av dei ulike utbyggingstiltaka, men detaljreguleringa vil klarleggja detaljane. Ein legg til grunn at heradet si byggeskikkrettleiar vert nytta i regulering- og byggesaksarbeid.

Sentrale delar av Ulvik er no etablert som Ulvik landskapspark. Dette er ein organisasjon som skal utvikle og fremja landskapskvalitetane i nærings- og reiselivssamanheng. Landskapet rundt oss har lagt grunnlaget for den bygda vi har i dag, og eit aktivt landbruk er ein føresetnad for å halda landskapet ope og fruktbart. Landbruksplanen og sektorplan for arbeidsplassar og næringsutvikling vert føreslått erstatta av ein felles plan for næring og utvikling.

Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald, naturmangfaldlova, vart innført 1.juli 2009. I naturmangfaldlova kapittel II har lova ålmenne krav om bærekraftig bruk av natur.

Vedtaket som får verknad for natur skal gjerast basert kunnskap om kva verknad det aktuelle tiltaket vil kunne få på naturmangfaldet. I ei vurdering av om eit tiltak skal kunne gjevast løyve til, så skal miljørettslege prinsipp jf. Naturmangfaldlova §§ 8-12 leggast til grunn som retningslinjer.

Naturmangfaldlova § 7 slår fast at det skal gå fram av sjølve vedtaket korleis det aktuelle tiltaket/vedtaket kjem til og verka inn på naturmangfaldet. Vurderinga skal og vise korleis vedtaksmynde har vurdert og vektlagt status for naturmangfaldet.

Det er sidan førre planstrategi utarbeidd ein ny kommunedelplan for vatn, avløp og miljø som set fokus på heradet sin oppgåve med å levere godt og reint vatn, samstundes som ein handsamar avløpssektoren på ein god og sikker måte for omgjevnadene.

Heradsorganisasjonen

I Ulvik herad er målsetjinga at alle tilsette kan halda fram i tenesta til vanleg pensjonsalder. Det må difor leggast til rette for at eldre arbeidstakarar som treng/ønskjer det, kan få tilpassa arbeidsoppgåvene slik at dei kan vera yrkesaktive lengst mogleg fram mot vanleg pensjonsalder. På den måten vil ein kunna sikra alle arbeidstakarar ein meningsfylt yrkesaktiv periode i dei siste arbeidsåra, og arbeidsgjevar får dra nytte av kunnskap og røynsle som eldre arbeidstakarar sit inne med. Milepelsamtalane vert ein viktig arena for tilrettelegging av den einskilde tilsett sine ønskje og behov når ein nærmar seg 58 år.

Kommuneplanens samfunnsdel set fokus på utfordringane heradet har med å rekruttera tilsette med rett kompetanse for å kunne yte dei beste tenestene for innbyggjarane. Endringar i krav og rettleiingar kjem som følgje av ynskje om samfunnsendringar frå sentralt hold, men skapar samstundes utfordringar for mindre kommunar som Ulvik. Einingane treng til ein kvar tid dyktige medarbeidarar som er oppdatert på gjeldande lovverk og praksis.

Revisjon av arealdelen vil utløyse behov for å regulera nytt kommunalt bustadareal, og både reguleringsarbeid og opparbeiding av tomter vil påføre heradet kostnader som ein ikkje fullt ut kan rekna med vert dekkja inn av tomtosal.

Det er vedtatt å etablere ein gang- og sykkelsti langs Tysseviksvegen frå Brakanes til Prestebrekka. Planlegging, grunninnløysing og bygging må planleggast best mogleg for å minimere kostnadene, men eit slikt prosjekt vil uansett være ein stor kostnad for heradet. Midlane til dette arbeidet er innarbeidd i økonomiplan og budsjett, og ein reknar med å starte arbeida hausten 2016.

Erfaringar med dagens kommuneplan

Kommuneplanens samfunnsdel

Samfunnsdelen tar føre seg utfordringar, mål og strategiar for åtte fokusområde. I planperioden har ein prøvd å rette fokus på samfunnsdelens mål og strategiar i den årlege handsaminga av økonomiplan og budsjett. Det er eit kontinuerleg arbeid med å utforme tiltak heimla i samfunnsdelen i økonomiplan og anna planlegging.

Som eit resultat av at samfunnet er i stadig utvikling, gjerne med trong for raske omstillingar og eventuelle strukturendringar, oppstår det ofte endringar i rammevilkår og satsingsområder frå staten. Desse endringane kan få verknad for målsetjingar i samfunnsdelen eller komme som direkte tillegg til heradet sine fokusområder. Gjeldande samfunnsdel vart vedtatt i 2010, og er framleis oppdatert på fokusområder, utfordringar og målsetjingar.

Kommuneplanens arealdel

Gjeldande arealdel vart vedtatt i 2003, men heradet gjorde i 2010 vedtak om revisjon av planen. Planframlegget har vore på høyring to gonger, grunna motsegn til det fyrste høyringsframlegget. Arbeidet er no i slutfasen, og planframlegget vert lagt fram for vedtak i august (FSK) og september (HST) 2016.

Arealdelen består av eit plankart med føresegner, planskildring, ROS-analyse og konsekvensvurdering av dei ulike arealkategoriane. Plankart og føresegner er bindande for arealbruken på land og sjø, og er eit viktig reiskap i heradet sin daglege handsaming av enkeltsaker, som delingssøknader, byggjesaker og liknande.

Med ein oppdatert arealplan har heradet gjort sine val og prioriteringar for dei ulike områda, og ein vil med det unngå bruk av dispensasjonar frå arealplanen. Kommuneplanen bør spegle utviklinga i heradet og samfunnet elles, og så godt som mogleg fange opp innbyggjarane sin trong for endringar i arealbruken i heradet. Den nye plan- og bygningslova medfører endringar i arealdelen, blant anna med arealføremål og innføring av omsynssoner. Desse og andre endringar vert innført i kommande arealdel.

Prioritering av planoppgåver i planperioden.

Oversikten nedanfor visar kva for samfunns- og arealplanar som skal prioriterast i planperioden:

 = Rullering  = Revisjon  = Vidareføring  = Ny plan

Samfunnsdelen	2016	2017	2018	2019	2020
Kommuneplanens samfunnsdel					
Økonomiplan/handlingsprogram					
Kommunedelplan for vatn, avløp og miljø					
Energi og miljøplan					
Kommunedelplan for Helse og Omsorg					
Alkoholpolitisk Handlingsplan					
Beredskapsplan Ulvik Herad					
Kommunedel plan for idrett og friluftsliv					
Målbruksplan					
Plan for psykisk helsevern					
Plan for sosial og helsemessig beredskap					
Plan for overgang mellom barnehage og skule i Ulvik herad					
Plan for kompetanseutvikling i Ulvik herad					
Revidert rehabiliteringsplan					
Smittevernplan					
Trafikksikringsplan					
Bustadstrategisk plan					
Næring og utviklingsplan					

Arealdelen

Arealdelen	2016	2017	2018	2019	2020
Kommuneplanens arealdel					
Reguleringsplan for Øvre Skeie					

I tillegg til kommunale arealplanar vil revisjon av arealdelen truleg utløyse noko privat reguleringsarbeid i planperioden. Dette er planarbeid som går føre seg i privat regi, men som vert heradet sitt ansvar frå det tidspunkt planframlegget vert lagt ut til høyring og ettersyn.